



Arkivnr: 2019/172-16

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Inger Lena Gåsemyr, Tone Stedal Haugland, Sarah Wahlberg Lund

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saksnr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

Museumsløft 2019 – fordeling av midlar**Samandrag**

Føremål med ordninga:

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Generelt:	
Budsjett 2019	2 000 000
Søknadsfrist	1. september
Vedtak kriteria og retningslinjer: Vedtekne innsatsområder	KIRU 20.06.2017: PS 89/2017 FUV 03.05.2018: PS 105/2018 Tiltak A: Styrkje musea i høve drift og investeringar. Tiltak B: Vidareføre satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015. Tiltak D: Styrke Bevaringstenestene og musea is samlingsforvaltning. Tiltak E: Tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.
Kriteria og informasjon om ordninga:	http://www.hordaland.no

Fordeling 2019:	
Tal på søknader	14
Tal på søknader som er tilrådd støtte	10
Samla søknadssum	4 973 700
Tilrådd fordeling	2 000 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Alle tilrådde prosjekt er i samsvar med vedtekne satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 *PREMISS*:

Kultur med handlingsprogram og kriteria og retningslinjer i «Museumsløft 2017», vedtekne i KIRU 20.06.2017, jf PS 89/2017 og revidert i FUV 03.05.2018: PS 105/2018. Det er i budsjett for 2019 sett av kr. 2 000 000.

I vurderinga har Fylkesrådmannen lagt vekt på at midlane skal fordelast til prosjekt og tiltak som bidreg til gjennomføringa av dei vedtekne innsatsområda A-E (over). Ein har i tillegg vurdert gjennomføringsevne og

realisme i prosjekta, tiltaka sin kvalitet, korleis dei profilerer musea som samfunnsaktørar, om dei inneber fornying og løysing av aktuelle utfordringar for dei konsoliderte musea i Hordaland.

Dei ti konsoliderte musea har hatt høve til å sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak. Det er i år sendt inn 7 søknader der musea søker aleine. I tillegg har musea kunne sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte musea. Det er i år sendt inn 6 fellessøknader. Prosjektsøknadene er i år relativt jamt fordelt mellom ei ulike regionane i fylket.

Bymuseet i Bergen sin søknad som gjeld fornying og posisjonering av Hordamuseet vert ikkje tilrådd, då søknadssum er høg og det vert stilt spørsmål om gjennomføringsevne og realisme i prosjektet. Hardanger og Voss museum har sendt inn to søknader. Dei vert ikkje tilrådd søknad som gjeld ny basisutstilling på Voss folkemuseum, då dei prioriterer vidareutvikling av læringsarena innan klassisk restaurering og bygningsvern, samt utvikling av bygningsnettverk. Kraftmuseet har også sendt inn to søknader. Dei vert ikkje tilrådd søknad om mottaks- og registreringssone for gjenstandslager/magasin med visningsfunksjon, då dei prioriterer Boliden-arkivet. Museumssenteret i Hordaland, avdeling Osterøy museum vert ikkje tilrådd søknad om profesjonell forvaltning av kulturarv i privat eige, utforsking av samarbeid mellom museum, frivillige og Osterøy kommune, då prosjektet vert vurdert til å vere av lokal karakter og fell difor utanfor ordninga.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr. 2 000 000 til Museumsløft 2019 frå budsjettpost 400.660.52 Museumsløft.

	Søkjar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads sum NOK	Løyving NOK
1	Baroniet Rosendal	Brannsikkert nærarkiv som basis for forskning og formidling	500 000	250 000	250 000
3	Bymuseet	Museer i samarbeid om drift av IT-løysingar og elektronisk sak- og arkivsystem	820 000	500 000	270 000
5	Hardanger og Voss museum	Bygningsnettverk Vestland og læringsarena	348 700	348 700	350 000
6	Kraftmuseet	Boliden-arkivet	2 800 000	425 000	250 000
8	Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene	Utviding og utvikling av Bevaringstenestene sitt tilbod til musea i Vestland fylke	345 000	230 000	230 000
9	Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene	Magasininventar til Re-Orgprosjekt	100 000	100 000	100 000
10	Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene	Fagdag: Samlingar på flyttefot	135 000	50 000	50 000

11	Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene	Verdisikringsplanar	210 000	200 000	100 000
13	Museum Vest	Prosjekt Kommandobunker	2 130 000	500 000	200 000
14	Nynorsk kultursentrum	Oppgradering av ventilasjonsanlegg i Olav H. Hauge-senteret	820 000	200 000	200 000
Til saman					2 000 000

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling avslår følgjande søknader:

2	Bymuseet	Hordamuseet – fornying og posisjonering – Bærekraftige tradisjonar	1 500 000	1 000 000	0
4	Hardanger og Voss museum	Ny basisutstilling – Voss folkemuseum	14 100 000	500 000	0
7	Kraftmuseet	Mottaks- og registreringszone for gjenstandslager/magasin med visningsfunksjon	981 186	350 000	0
12	Museumssenteret i Hordaland, avd. Osterøy museum	Profesjonell forvaltning av kulturarv i privat eige – utforskning av samarbeid mellom museum – frivillige og Osterøy kommune	633 000	320 000	0

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.